



Ein familie som kom til hyttenaustet sitt på Flatholm fredag oppdaga snart at dei ikkje hadde vatn. Grunnen var at vassleidningen, som ligg i sjøen, var brote.

Røyrleggjar Johannes Feet har førebels ikkje hatt tid til å ta seg av problemet, men han vi truleg gjera det i morgon.

Det er truleg berre denne eine som har mista vatnet. Grunnen til brotet har Feet forståeleg nok ingen meining om før han har sjekka det nærare.

På biletet ser ein korleis vatnet sprutar frå den avrivne slangen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)